

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Davik

Emne: Beit og brom

Bygdelag: Davik-Endal

Oppskr. av: H. Aardalsbakke

Gard: Endal -Davik

(adresse): Davik

G.nr. 15-25 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røvnsl.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja ein både har nytta og nyttar det framleis. Ein nyttar namnet beit og ris. Brom er ikkje kjendt. Det er helst ris av bjørk og raun. Riset av bjørk hogg ein av når ein hogg inn veden om vinteren. Kvisten av rogn bryt ein av. Når knuppene og lauvet kjem på bryt ein av raunen, men det driv ein ikkje med utan det er sers fornaud. Det er meir sjeldan at dei tek ris av bjørk etter at lauvet har sprunge ut. I det heile taket tek ein ikkje kvist av skogen utan dei hogg treet ned.
2. Når det gjeld raun seier ein helst at ein skal på rogneskogen. Noko sers namn har ein ikkje på det. Dei køyrer det på vanleg vedaslede eller ein dreg det etter som det høver.
3. Den veden som dei hogg seint om hausten eller om ~~vintere~~ *køyrer ein heim* vinteren på snøføre og legg han i store dungar som dei kallar vedakost. Når ein så hogg inn veden, hogg ein av beita på stabben og legg henne i dungar og gjev kyrne etter kvart ein treng det. Det som meinsat med brom tek dei heim ~~heim~~ etter kvart ein brukar det fram imot våren straks før dei slepp kyrne ut.
4. Som nemnt før så hogg ein beit og kvist helst av

tre som

2

tre som er nedhogde, og då hogg ein beita av med øks på stabben eller bryt det av dersom det er raun. Gjekk ein på skogen for å hogga beit eller kvist av tre som stod på rota, brukte ein før vanleg sigd. Fyrst i det siste er ein byrja å bruka lauvkniv. Av dei er det fleire typer, men dei brukar ein helst når ein skal ta inn lauv om hausten. Kjerne som ein seier.

5. Helst kyr og geit. Når beita eller kvisten er hoggen av, ber ein det inn slik som det er utan å finhakke det. Ein har det ikkje saman med anna for. Dei får det for seg sjølv, helst eytter at dei er ferdig med høyet.

6. Beita legg ein ⁱ haug ner fjøs. Det er ikkje brukt å sleppa krøtera ut i vedakosten eller beitakosten. Dei fekk det i fjøset.

7. Det er ikkje kjendt.

